

# Referat frå Årsmøte for 2017

## Volda Småbåtlag

15. februar 2018  
Volda Turisthotell

1. Åpning, godkjenning og val av møteleiar og referent. 1 min stillheit for medlemar som har gått bort i 2017.
2. Årsmelding vart lese opp av Inge Innerdal. Årsmeldinga var godkjent. Meire info på heimesida, og innkalling til årsmøte må vi verte flinkare til kom det fra salen.
3. Reknskap 2018: Regnskapskontor må sjekke om notane er rett eller det er feil i reknskapstal. Regnskapet var godkjent med forbehold om dette.
4. Forslag om endring av medlemsavgift. 2000kr mot 12 personer. 3000kr var 5 imot. Vedtatt 3000kr i den nye modellen.

### Framlegg om endring

Ny modell for medlemsavgift, satsar for kjøp og sal av båtplassar

For å møte dei økonomiske utfordringane vi har på nåverande tidspunkt må vi innføre ein differensiert medlemsårskontigent. Det inneberer at alle medlemmer betalar 1000kr.

Deretter betalar medlemmer med båtplass ei årleg avgift på 400 kr breiddemeteren .

Ved kjøp av ny båtplass betalar kjøpar 3000kr til småbåtlaget som eit slags translaksjonsgebyr. Ein som t.d. Vil selge ein 3m plass får 3 x 17000kr = 51000kr. Kjøpar betalar 54000kr.

Endring av breidde meter eksisterande båtplass gjeld ikkje dette.

**Informasjon:** Dei økonomiske utfordringane gjeld :

Rotsethamna: Nytt straumskap, reparasjon av molo, kameraovervaking

Sentrumshamna: Sikring av hovudstrauminntak og vassinntak, kameraovervaking, nye pontongar langbrygga.

**Merk!** Volda kommune har kjøpt Volda hamn. Vi veit ennå ikkje kor høg den årlege leiga for Volda småbåtlag blir.

5. Budsjett er godkjent.
6. Forslag til samarbeidsavtale med Volda sportsdykkerklubb og samlokalisering. Enstemmig vedtatt